Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 | Fylke: Nordland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Kjerringøy + Meløy
Emne: Vassbering | Bygdelag:
Oppskr. av: E. Tidemann | Gard:
(adresse): Kjerringøy | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

For 50-60 år sidan: Tjukk l = ł
Då var det vanleg at vatnet vart bore inn både til fjøs og kjøken i ei eller 2 bøtter.
I Meløy bar vi på hałł'łatre (omlaging av herdatre) i Kjerringøy på børtre.
Hałł'łatreet (børtreet) var noko lite bøygd med utholning for nakken. Det måtte liggja rett over herdane med ei bøtte på kvar sida. Han som bar støtta bøttene ved å halda handa over „hałł-łatrekrokjen" og „bøttkjoll pin". Banda var av snøre og krokane av eine. No er det helst jarnlekkjer med jarnkroker. På mange gardar vert vatnet bore endå.




2. Det som her er nemnd er ukjend i Nordland
3. Det same her og.
4. Det var helst kvinfolka som bar vatnet, tenestgjenta eller husmora – eller ungane
5. På mange stader er vassbering i bruk endå – helst på mindre bruk
6. Var vassvegen lang køyrde ein i tønner og – eller fat på slede eller vogn.
7. I dag har ein stor part av folket lagt inn vatn både til kjøken og

579

2 fjös. Dei som ikkje kan få trykkvatn har brunn og pumpe. Dette brigdet tok til for ein 20–30 år sidan og nye kjem til for kvart einaste år. Eg går ut frå at idag har ikring halvparten av huslydane i bygda lagt inn vatn anten i fjös eller kjökken eller båe stader. Men no som för kan det henda at ein brunn kan bli turr om det vert lange turrfrostrider. Vert den nye vassvegen då lang blir vatnet köyrd, er han kort vert „hall'tatreet" tog byttene leita fram.

E. Tidemann

23/5 – 1947

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
578

E. Tidemann

Nordland.
Kjerringøy.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Ei innretning som synt ovafor til vassbering er ukjend i Nordland.
Eg kjenner heller ikkje til at nokon har bruka turka fiskehovud eller ryggar til brensel og heller ikkje kumøkk. No kan det jo henda at folk ute på dei ytste holmane kan ha bruka noko slikt. Der er dei fri både for ved og torv. Men som

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 2148

nimnd er, eg har ikkje råka på
slike tilhöve endå eg har budd
både i Vesterålen, Lofoten, Salten
og ymse stader på Helgeland.

Herringøy i oktober 1948

K. Tidemann